



TOLL- OG AVGIFTSDIREKTORATET
Postboks 8122 DEP
0032 OSLO

Dato: 04.03.2016
Vår ref.: 2015/12790-5
Saksbehandlar: knudjuv
Dykkar ref.: 15/84353 | Arkivkode: 470

Høyring - innføring av flypassasjeravgift

Hordaland fylkeskommune har fått oversendt høyring frå NHO Luftfart om endring av forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter- flypassasjeravgift.

Høyringa vart handsama av fylkesutvalet Hordaland fylkeskommune i møte den 24. februar, og det vart gjort følgjande vedtak.

1. Fylkesutvalet støttar intensjonen om innføring av ei eventuell miljøavgift, men ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av moglege samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige konsekvensar før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør difor utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.

2. Innføring av den nye avgifta vil kunne få store konsekvensar for Stord lufthamn, som vil kunne miste ruteavgangar som følgje av nedgang i passasjergrunnlaget, og føre til dyrare flyreiser og eit dårlegare rutetilbod. I verste fall kan Stord lufthamn og Sunnhordland oppleve å stå utan flyrute til Oslo.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Knut Djuve
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
STORD KOMMUNE
SUNNHORDLAND LUFTHAMN
NHO LUFTFART